

Vår referanse:
2013-0404

Deres referanse:
14/2218-

Dato:
31.10.2014



Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

p.b 9029 Grønland
0133 Oslo

Tlf 21 01 36 00
Faks 21 01 38 00

post@parat.com

NO 971 480 270

Høring: Staten og Den norske kirke – et tydelig skille

Som arbeidstakarorganisasjon er det for Parat viktig kva konsekvensar reformeringa av Den norske kyrkja får for dei tilsette. Parat meiner at det frå høyringsfråsegna særleg er to område det grunn til å kommentere:

Medavgjersrett

«Av Hovedavtalen framgår at medbestemmelsesretten skal utøves gjennom tillitsvalgte, og på en slik måte at arbeidstakerne blir trukket inn i utrednings- og beslutningsprosessene så tidlig som mulig», s.33.

Parat opplever at departementet har gode intensjonar her, men utfordringa ligg i at arbeidet med å få etablert kyrkja som eit eige juridisk rettssubjekt, så langt ikkje er fullført. Her må det gjerast ei ytterlegare utgreiing, særleg med tanke på at Kyrkjerådet i framtida skal handle på vegner av det nye rettssubjektet. Parat er usikker på om organisasjonen får delta i denne utgreiingsprosessen. Det er avgjerande at dei tilsette i kyrkja får medavgjersrett.

«Departementet har tillit til at kirken legger til rette for gode informasjons- og involveringsprosesser blant de som berøres av virksomhetsoverdragelse. Fra statens side vil departementet påse at de tilsattes lov- og avtalefestede medbestemmelsesrett blir godt ivaretatt», s.87.

Parat har ingen tunge innvendingar til korleis departementet har lagt opp denne prosessen. Det er blitt halde møte der det er blitt informert om vidare saksgang. Parat meiner at organisasjonen likevel ikkje er blitt involvert godt nok. Dette gjeld særleg område knytt til forvaltninga av økonomien.

«Etter departementets syn vil det ved en utskilling og organisering av de kirkelige virksomhetene i en selvstendig økonomisk enhet foreligge et potensial for besparelser og effektivisering. I større grad enn i dag bør det ligge til rette for at samme type oppgaver og funksjoner samles på færre steder. Dette synes særlig å gjelde for økonomiforvaltningen, antakelig i mindre grad for personalforvaltningen som trolig fortsatt bør ligge i hver organisasjonsenhet», s.88.

Bispedømesektoren er i dag fullservicekundar hos DFØ – Direktoratet for økonomistyring i staten. Tenestene er kostnadsrekna til rundt 4,5 mill kroner pr år (s.88). Parat ber om at det blir gjort utførleg greie for korleis denne summen så langt er blitt nytta til. Etter eit eventuelt skilje av kyrkje og stat i 2017, kan Parat ikkje vente at ein vil kunne halde fram med DFØ. Såleis må ein fram til dette tidspunktet starte eit arbeid med omorganisering av dette direktoratet. Kyrkja må gjerast i stand til sjølv å utføre dei oppgåvene som i dag er lagt til direktoratet. Sidan ei slik omlegging i høgste grad vil gjelde mange av medlemmene i Parat, vil vi særleg her gjere bruk av medavgjersretten.

Kompetanseheving

«Den bistanden som statsforvaltningen gir nå, både med hensyn til kompetanse og kapasitet, må kirken dels bygge opp selv, dels kjøpe på markedet og dels få gjennom et eventuelt medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon», s.87.

«Departementet ser ikke grunn til å ha synspunkter på om kirken på de ulike områdene bør kjøpe tjenestene framfor å benytte seg av egne ansatte», s.88.

Parat sluttar seg til argumentet om at kyrkja sjølv må byggje opp nødvendig kompetanse og kapasitet til å vidareføre dei arbeidsoppgåvene som kyrkja har i dag. Samtidig er Parat førebudd på at det vil kome endringar. Men Parat føreset at kyrkja tek dei tilsette med på råd. Parat krev også at staten stiller til rådvelde nok pengar slik at kyrkja kan møte dei nye utfordringane med all nødvendig kompetanse på plass.

Pensjon

I høyringsdokumentet side 70 og vidare er det gjort greie for pensjonsordninga. Det er kome med framlegg om ein overgangsperiode på inntil tre år, der ein vidarefører medlemskapet i Statens pensjonskasse. Det blir sidan opp til Kyrkjemøtet å avgjere kva slags pensjonsordning som kyrkja skal ha seinare. Premissa frå KUD er at

«rammetilskuddet til kirken vil være basert på kjente pensjonskostnader i Statens pensjonskasse ved tidspunktet for virksomhetsoverdragelsen, men eventuelle økninger i pensjonskostnadene etter at en virksomhetsoverdragelse har funnet sted, kan ikke påregnes kompensert av staten», s. 72 pkt. 13.5.

Dette gjeld om Kyrkjemøtet vel Statens pensjonskasse eller om ein velg ei anna pensjonsordning. Det er også kome med framlegg om ein lovfesta adgang til AFP i inntil tre år, til ei ny AFP-ordning er tariffesta. Vidare er det kome framlegg om at medlemmene i Statens pensjonskasse ved tidspunktet for overtakinga blir ført over til ei lukka ordning. Men korleis denne ordninga på sikt vil utvikle seg, er det ikkje gitt nokon garanti for, men det blir sagt at ordninga er usikker, jf side 71 første avsnitt.

Departementet legg til grunn at ein i ordninga med plikter for ei fristilt kyrkje ikkje bør ta med dei som går av med statspensjon før verksemsoverføringa - eller som har gått over i ei anna stilling før dette tidspunktet, jf side 81 siste avsnitt. Så langt Parat kan sjå, er desse tilsette dei einaste som er garantert å vere medlemmer av Statens pensjonskasse vidare, og slik finansiert av staten innanfor rammetilskotet.

Alle andre vil vere avhengig av at Kyrkjemøtet gjer vedtak om ei ny pensjonsordning. Parat trur ikkje at ein kan halde fram med ordninga i Statens pensjonskasse som ei ytingsbasert pensjonsordning sidan kyrkja ikkje får regulert rammetilskotet. Følgeleg er Parat uroleg for at dei tilsette får ei innskotsbasert pensjonsordning som kan bli dårlegare enn slik den er for dei tilsette som i dag er medlemmer i Statens pensjonskasse.

Parat meiner derfor at ein ved overføringa av medlemmer må sikre medlemskapet i Statens pensjonskasse. Dersom dette ikkje blir gjort på ein god måte, vil dei tilsette i dag kjenne seg svært urolege for å måtte godta ei dårlegare ordning. Sidan pensjonsspørsmålet på denne måten kan bli så usikkert, er det truleg at mange vil nytte seg av AFP-ordninga før verksemsoverføringa finn stad. Parat kan vanskeleg sjå at dette vil vere ønskjeleg for arbeidsgivaren.

Med vennlig helsing Parat

Hans- Erik Skjæggerud
Leiar, Parat

Odd Jenvin
Forhandlar, Parat